

Statkraft – velkommen til Jostedalen – men spar Vigdøla

«Vår ære og vår makt – har fossekrafta skapt». Ei lita omskriving av diktaren sin hyllest til seglskutene våre. Men likevel heilt rettvis. For me kjenner vår oljehistorie, som har sopa inn pengar til vår felles kasse. Men uansett enorme summer i oljeinntekter så blir dette lite i samanlikning med vår fossekraft, som no i hundre år og sidan til evig tid – sender pengar inn i statskassa. Ja – fossekrafta er og blir vårt «kvite gull».

Me fekk for nokre dagar sidan 2 brosjyrar tilsendt i postkassa – utarbeidde av Statkraft, noko som tydeleg gjekk att i teksten. Her var det ikkje lagt skjul på noko – selskapet trekkjer fram både positive og negative tilhøve ved ei vestside-utbygging av elvane i Jostedal. Og, sjølv sagt er det slik – utbygging har med seg både positive og negative sider i dei fleste tilfelle. Til slutt må politiske styresmakter, med ansvar for heilskapen, vege for og imot – og stå for resultatet.

Det må seiast at alle angrep på Statkraft skuldast vankunne – Statkraft er det selskapet både du og eg stort sett kan takke for at me til dagleg har stabil og relativt billig straum i Noreg. Selskapet er eigd av Staten, som er du og eg. Ingen privat spekulatør tek utbytte av arbeidet til Statkraft. Selskapet kjem med framlegg om utbygging av energi, men til slutt er det politikarane som avgjer korleis eit vassdrag/område skal regulert, eller liggje urørt. Nyttig å hugse på!

I dag – 14.08.09 – minnest me storflaumen i Jostedalen for 30 år sidan. Eg registrerer at fleire av dei som i dag står fram og protesterer mot vestside-utbygginga ikkje er gamle nok til å hugse dei traumatiske opplevingane dei fleste i Jostedal den gong opplevde – med rasering av hus og heim. Enorme



NEITIL STATKRAFT: Vigdøla må sparast, informasjonssjef Normann Kjærvik og Statkraft må få nei, skriv Oddvin Fossøy.

steinmassar og slam fløynde ut over dyrka mark og – dei fleste bruene i dalen vart sopte bort. Etter det eg hugsar, kosta den flaumen i Jostedal 35 millionar for samfunnet i 1979 kroner. Måtte me aldri oppleve det same, og her er det berre regulering av elvane me kan lite på!

Dei aller fleste utbyggingar fører til at det ligg att store verdiar i lokalsamfunna. For min del held eg ein knapp på den kraftige flaumdempinga me fekk heilt gratis ved jostedalsutbygginga. Men i tillegg får kommunen millionbeløp i utbetaling for året, noko me alle i kommunen nyt godt av på eit eller anna vis. Så fekk me ei kraftig utbetring av veggen gjennom Jostedalen, i tillegg til dei flotte vegane til Geisdalen/Vanndalen,

Fagredalen og Styggevatn. Dette gjer det mogeleg for alle som vil å koma lettvent til fjells, ikkje minst for dei av oss som dreg på åra.

Ofte er det «auga» som ser som avgjer om det er naturøydelegging eller kunstverk me ser. Når eg ser dammen på Styggevatn, ser eg eit kunstverk i naturstein – eit monument over norske ingeniørar sin store kompetanse i dambygging.

Påstandane om naturøydelegging uteblir aldri ved planar om energiutbygging i vassdrag. Like fullt går livet vidare, gjerne betre enn før, etter at utbygginga er ferdig. Som døme nemner eg dei enorme protestane til aurlandsutbygginga. Spådomane frå «mørkemennene» var at dette var und-

ergangen for Aurlandsdalen som turistrute. Og i dag? Aldri har så mange traska ruta frå fjell til fjord i Aurland.

Så meiner eg ikkje at folk utan vidare skal godta at «deira» elv skal leggjast i røyr. Tvert imot – det er ei fin sak ved demokratiet at folk mobiliserer og deltek i debatten. Eg meiner sjølv at det vatnet som er att etter fyrste reguleringa av Vigdøla bør få fred. Elva har etter mitt skjøn ei «passande» restvassføring. Og – det vakre vigdalsdalføre har berre denne reduserte elva, som alt har ytt millionar årleg til Staten. Vigdøla har gjeve sitt til «storsamfunnet». Men – bygg ut vestsida vår!

Oddvin Fossøy
Jostedal